

# MØTEBOK

## FELLESRÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
07.12.2022

---

**Tilstades på møtet:**

**Medlemmer:** Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Torill Hordvik, Edvard Bjerkestrand, Arne Lerøy, Gerd Marie Solheim, Helge Dyrkolbotn, Rune Minde

**Varamedlemer:** Anne Karen Wilkensen

**Andre:**

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

**Desse hadde meldt forfall:** Inger Synnevåg, Kine Lerøy, Linda Syslak, Anita Bakke.

**Møtte ikkje:**

**Saker til førehaving:**

F – 30/22 – F – 33/22

**Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.**

**Underskrift:**

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 30/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

*Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader*

**Vedtak:**

**Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader**

F – 31/22 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 26.10.2022

**Vedtak:**

**Møteboka vart godkjent utan merknader.**

F – 32/22 UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

**Vedtak:**

**Hege Ramsland og Gerd Marie Solheim**

F – 33/22 ORIENTERING

- Resultatet av budsjettforhandlingane med kommunen.  
Det vart orientert om resultatet av budsjettprosessen. Soknet har denne gongen fått ei meir realistisk budsjetttramme og ikkje urealistiske nedskjæringskrav som tidlegare. Det er lagt inn 200 000 kroner for overgang til Aider, som skal overta rekneskap, fakturering og løn med verknad frå 1.mars 2023. Vi har i tillegg fått 100 000 kr som kompensasjon for refusjon av kremasjonsavgifter. Vi har også fått eit tillegg i ramma på 95 000 kr, som berre delvis dekker løns og prisveksten. Kommunen dekker også etableringskostnaden for overgangen til Aider, noko som indirekte vert ei betring av budsjetttramma, sidan Aider sitt tilbod utgjer ein årskostnad på 135.000 kroner (utan mva). Det konkrete driftsbudsjettet for 2023 vert lagt fram for soknerådet på første møte etter nyttår.

# MØTEBOK

## SOKNERÅDSSAKER

---

**Førehaving av:**  
Austrheim sokneråd

**Møtestad:**  
Kyrkjelydshuset

**Møtedato:**  
07.12.2022

---

### Tilstades på møtet

**Medlemer:** Anne Dahle Austrheim, Bjørn Helge Olsen, Torill Hordvik, Edvard Bjerkestrand, Arne Lerøy, Gerd Marie Solheim, Helge Dyrkolbotn, Rune Minde

**Varamedlemer:** Anne Karen Wilkensen

### Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland.

**Desse hadde meldt forfall:** Inger Synnevåg, Kine Lerøy, Linda Syslak, Anita Bakke.

### Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving

Soknerådssaker: S- 14/2022 – S 20/2022

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

### Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 14/22      GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

**Vedtak:**

Det kom inn følgjande merknader:

- Vi må ha ei ekstra sak: Sokneråda skal avgje uttale på ny biskop i Bjørgvin.
- Soknerådsleiar vil kort presentera innkomne spørjeskjema.
- Orientering om oppslag i lokalavisa Nordhordland

S – 15/22      ORIENTERINGAR:

- Visjons og målstyringsarbeidet – utsett til første møte på nyåret. Soknerådsleiar har laga ein samleoversikt på dei svara som har kome inn på spørjeskjemaet. Han hadde ein kort gjennomgang av denne i møtet. Dette skal likevel behandlast skikkeleg på neste møte i soknerådet på nyåret. På dette møtet vert også Silje Hoaas med.
- Behov for evaluering av bygdelunsjen og søndagsskulen. Soknepresten orienterte om at det har skjedd ei avskalling av dei familiare som tok på seg å drifta søndagsskuletilbodet samstundes med gudstenestene. Ein del sjukdom har ført til at søndagsskuletilbodet fleire gonger har blitt avlyst på kort varsel. Kan vi finna fleire som kan vera med i dette? Kan det vera ein ide å laga eit tilbod utanom gudstenesta? Til dømes middagstilbod på kyrkjelydshuset?

Bygdelunsjen har vore vellukka så langt. Soknepresten ønskjer å forankra tilbodet meir i diakonigruppa og vil dra dei inn i evalueringa av tilbodet. Oppmøtet har vore bra +/- 30 personar kvar gong. Det er for det meste folk i pensjonsalder som kjem, men dei som kjem representerer eit godt tverrsnitt i befolkninga.

- Ny sokneprest (igjen). Litt meir om prosess og høgttenking frå soknerådet om kva for prest ein kan tenkja seg for Austrheim (og Fedje). Vi drøfta dette igjen. (Soknepresten velde å ikkje delta i denne drøftinga). Det er viktig at ny prest kan vera folkeleg og inkluderande. Vi treng ein person som kan skjønna samtida og som både kan vera utradisjonell og tenkja utanom boksen. Presten bør vera fleksibel og nytenkande. Han eller ho bør kunna appellera til barn og unge. Presten bør kunna spegla Austrheim kyrkjelyd, som er ein typisk folkekyrkjelyd.
- Gudstenesteplan 2023: Prøver å få til ein salmekveld. Rune har utfordra songlaget til å delta på ei kveldsgudsteneste (julesongfest) etter jul. Kristi Himmelfartsdag er neste år den 18.mai. Det vert ikkje gudsteneste denne dato. Avskilsgudstenesta vert søndag 4.juni. Soknepresten hadde ein kort gjennomgang av gudstenesteplanen.
- Oppslag i lokalavisa Nordhordland: Kyrkjevevja orienterte om oppslag i lokalavisa Nordhordland. Ein lesar hadde tipsa avisa om sletta

gravminner som var dumpa i ei grøft ved driftsbygget. Dette vart opplevd som respektlaust i og med at fleire av namn på desse gravsteinane var synlege. Gravminnene er dumpa som ei midlertidig ordning i påvente av at vi får tilgang på traktorhengar for å køyra dei vekk slik at dei vert destruert i eit steinknuseverk. Området ved driftsbygget er ikkje allfarveg (sjølv om ein del går forbi der likevel) og har meir karakter av å vera eit anleggsområde. Etter oppslaget kom ut, har kyrkjegardsarbeidar dekkja dei til med eit tynt jordlag.

Soknerådet meinte ein kunne vera meir bevisst på korleis ein dumpar gravminner som er sletta. Om dei må mellomlagrast, så bør gravminnene plasserast slik at namna ikkje er synlege.

S – 16/22 VAL AV LEIAR

**Vedtak:**  
**Helge Dyrkolbotn**

**Bakgrunn:**

Leiar og nestleiar vert velt for 1 år om gangen. Valet skal i utgangspunktet vera skriftleg. Helge Dyrkolbotn har stilt seg til disposisjon.

S- 17/22 VAL AV NESTLEIAR

**Vedtak:**  
**Anne Dahle Austrheim**

**Bakgrunn:**

Leiar og nestleiar vert velt for 1 år om gangen. Valet skal i utgangspunktet vera skriftleg. Anne Dahle Austrheim har stilt seg til disposisjon.

S- 18/22 OPPNEMNING AV NOMINASJONSNEMD TIL KYRKJEVALET

**Vedtak:**  
**Bjørn Helge Olsen**  
**Gunn Håland Dyrkolbotn**  
**Anny Bertelsen**  
**Inger Synnevåg**

**Soknerådet foreslår Inger Synnevåg som leiar for nominasjonsnemda. Kyrkjevevja kallar inn til første møte.**

**Bakgrunn:**

Det har kome opp framlegg på konkrete namn både i sist soknerådsmøte og

siste AU møte. Det vert arbeidd med å få namn klare til ei nominasjonsnemd som så kan bli vedtatt på soknerådsmøtet. Vedtak om kandidatar til ny liste for soknerådet skal vera klar seinast 31.mars 2023.

## S- 19/22 MØTEPLAN 2023 FØRSTE HALVÅR

### Framlegg til vedtak:

#### Soknerådet:

- Onsdag 25.januar
- Onsdag 22.mars
- Onsdag 3.mai
- Onsdag 7.juni

#### AU:

- Onsdag 11.januar
- Onsdag 8.mars
- Onsdag 19.april
- Onsdag 24.mai

### Vedtak:

#### Soknerådet:

- **Onsdag 25.januar**
- **Onsdag 22.mars**
- **Onsdag 3.mai**
- **Onsdag 7.juni**

#### AU:

- **Onsdag 11.januar**
- **Onsdag 8.mars**
- **Onsdag 19.april**
- **Onsdag 24.mai**

## S – 20/22 NY BISKOP I BJØRGVIN

Ekstrasak – grunna kort tidsfrist

### Vedtak:

Vedtak vert utforma etter at soknerådet har fått sett seg inn i kva for kandidat den einskilde ønskjer seg som ny biskop. Det vart bestemt at kvar enkelt fører opp 1 namn og sender dette inn til leiar snarast. Dermed vil ein etter alt å døma få ei prioritert liste. Soknerådet sine medlemmer kan gjera seg kjent med kandidatane ved å gå inn på Bjørgvin bispedøme sine heimesider. Kyrkjeverja sender så inn soknerådet sitt vedtak til Kyrkjerådet.

### Bakgrunn:

Etter at innkallinga til soknerådet var gått ut, sende bispedømekontoret ut informasjon om kandidatane til ny biskop i Bjørgvin med utfordring til sokneråda om å avgje uttale på prioriterte kandidatar.

Bispedømerådet velte ut 5 kandidatar. Etter dette vart kjent fekk ein på plass 1 ekstra kandidat, som resultat av ein legal underskriftsaksjon.

Dette er kandidatane:

- Stephanie Dietrich (56), professor ved VID
- Sunniva Gylver (55), sokneprest Fagerborg
- Ragnhild Jepsen (53), domprost i Nidaros
- Nils Terje Lunde (51), nk trus og livssynskorpset Forsvaret
- Kjersti Gautestad Norheim (48), sokneprest i Birkeland
- Gudmund Waaler (59), domprost i Bjørgvin

Det ligg informasjon om kandidatane i tillegg til ein video av ein felles samtale med alle kandidatane på bispedømet sine heimesider. Siste frist for å senda gjenpart av soknerådet sitt vedtak er 5.januar 2023 – altså før vi har neste møte i soknerådet. Vedtak om tilsetjing av ny biskop skjer i Kyrkerådet sitt møte i februar 2023.